

**HAFSLO IDRETTSLAG**

FOOTBALL



# **SPORTSPLAN**

## **FOTBALLGRUPPA**

### **HAFSLO IL 2026-2029**



# INNHALDSLISTE

<b>Innleiing</b>	<b>s. 3</b>
<b>Målsetjingar for Fotballgruppa Hafslo IL 2026-2029</b>	<b>s. 4</b>
<b>Fair Play</b>	<b>s. 9</b>
<b>Trenaren</b>	<b>s. 11</b>
<b>Trening og kammengd ulike årsklassar</b>	<b>s. 12</b>
<b>Tilbod ulike aldersklassar</b>	<b>s. 12</b>
<b>Treningar og spelestil i fotballen i Hafslo IL</b>	<b>s. 13</b>
<b>Fotballgruppa – funksjon og organisering</b>	<b>s. 16</b>
<b>Differensiering og hospitering</b>	<b>s. 19</b>
<b>Turneringsdeltaking</b>	<b>s. 20</b>
<b>Dommarar – rekruttering</b>	<b>s. 21</b>
<b>Avslutning og Fotballstyret</b>	<b>s. 22</b>

## Innleiing

Sportsplanen vert formelt vedteke på årsmøtet i Hafslo IL og skal gjelde for tre år om gongen, men er eit levande dokument.

Føremålet med sportsplanen er å vere eit styringsverktøy og eit hjelpemiddel for fotballgruppa, trenarar og lagleiarar. Den skal gje retningsliner for den sportslege aktiviteten i klubben, og den skal vere med å skape eit trygt og utviklande miljø for klubb, spelarar, trenarar, foreldre og dommarar i positiv retning. Sportsplanen skal saman med handlingsplanen og årshjulet til idrettslaget, vere det rettleiande dokumenta i det daglege arbeidet i fotballgruppa.

Medlemar i fotballgruppa, hovudstyret, trenarar og lagleiarar i klubben, skal kjenne til innhaldet i sportsplanen. For fotballgruppa, trenarar og lagleiarar skal den vere ein aktiv plan og verktøy som ein skal kunne nytte seg av i kvardagen.

Fotballgruppa må kommunisere innhaldet i planen ut til medlemane, og den skal til ei kvar tid vere i oppdatert versjon på Hafslo IL sine heimesider.

Ved skiving av årsmelding skal ein evaluere sesongen som er gått opp mot dei måla ein har sett seg i Sportsplanen.

*Revidert av fotballgruppa 09.11.2025*

## Målsetjingar for fotballgruppa i Hafslo IL 2025 – 2029

For fotballen i Hafslo IL er brei aktivitet eit overordna mål. Det vil seie at vi skal freiste å gje alle som vil spele fotball i Hafslo IL eit tilbod, uansett ferdigheiter og ambisjonar.

Fotballgruppa ynskjer at me jobbar opp mot visjonen om: *Fotballglede for alle!*

For å nå denne visjonen vert det fokusert på følgjande;

- *Flest moegeleg*
- *Lengst moegeleg*
- *Best moegeleg*

Målet er å ha eit godt treningstilbod til alle aldersgrupper, og å kunne stille lag i alle aldersklassar frå miniputt, aldersbestemt, samt å stille seniorlag for både damer og herrar. I tillegg til å gje alle eit tilpassa treningstilbod, skal ein utvikle enkeltspelarar til å nå dei måla som dei måtte sette seg. Det vil seie at ein skal kunne tilby eit differensiert treningstilbod, der det er rom for både dei som vil trene litt og dei som vil trene meir.

For dei som ønskjer det, skal fotball i Hafslo IL ha mulighet for å vere ein heilårsidrett. Det vil seie at me ynskjer å kunne tilby trening av god kvalitet også om vinteren, men kanskje med ei anna organisering enn i den ordinære sesongen.

For fotballen i Hafslo IL skal det vere lik status mellom jente- og gutefotball. Ein skal freiste å ha eigne lag for jenter i alle klassar, og dei skal prioriterast på lik linje med gutane. Alle jenter som ønskjer å spele fotball, skal få eit tilbod gjennom klubben.

## **Målsetjing for SENIOR HERRER:**

- Alltid prøve å stille lag i seriespel
- Gje alle som vil spele seniorfotball eit tilpassa nivå.
- Utvikle enkeltspelarar til eit høgast mogeleg nivå.
- Ha ein god treningskultur.
- Stille lag i KM innandørs kvart år.
- Ha god kontinuitet på trenar - og spelarsida.
- Vere ein naturleg hospiteringsarena for yngre spelarar som treng eit differensieringstilbod.
- Utdanne trenarar.
- Få flest mogeleg av spelarane på gutenivå til å fortsette å spele fotball som seniorar.
- Eige budsjett
- Halde møte med spelarar, trenarar, lagleiarar og representantar frå fotballstyret tidleg på året. Gjere ulike avklaringar og forventningar. Trenarar/lagleiarar er ansvarleg for å kalle inn til dette møtet.

## **Korleis nå desse måla:**

- Jobbe med, og bruke sportsplanen for å nå måla ein har sett seg.
- Jobbe aktivt med rekruttering i eigen klubb, satse på barne – og ungdomsfotballen.
- Auke trenarkompetansen i klubben.
- Kontraktfeste trenarar og spelarar.
- Gå aktivt ut for å finne alternative treningsarenaer, for å få gjennomført gode treningar heile året, som til dømes leige tid i storhallen i Sogndal for lag som ynskjer dette.
- Gode skriftlege avtalar dersom det er samarbeid med andre klubbar.
- **Føresetnad for å nå måla: Alle seniorspelarar må betale medlemskap, treningsavgift og utføre dugnad under Lerum Cup/andre fotballarrangement. Dersom ikkje tilstrekkeleg tal spelarar har betalt medlemskap og treningsavgift før 1.februar kvar sesong, er det ikkje grunnlag for å satse på seniorlag. Spelarar som**

**ikkje utfører dugnad eller deltek på treningar, vil ikkje kunne krevje speletid på laget.**

### **Målsetjing SENIOR DAMER:**

- Prøve å alltid stille lag i seriespel.
- Utvikle talentfulle spelarar til høgast mogeleg nivå.
- Gje alle jenter/ damer som ynskjer å spele fotball, eit best tilbod gjennom klubben.
- Stille lag på KM innandørs kvart år.
- Vere ein naturleg hospiteringsarena for yngre spelarar som treng eit differensiert tilbod.
- God kontinuitet på trenar og spelarsida.
- Få flest mogeleg av spelarane på jentenivå til å halde fram med fotball på seniornivå.
- Eige budsjett
- Halde møte med spelarar, trenarar , lagleiarar og representantar frå fotballstyret tidleg på året. Gjere ulike avklaringa og forventningar. Trenarar/lagleiarar er ansvarleg for å kalle inn til dette møtet.

### **Korleis nå desse måla:**

Dei same punkta som for herrar senior.

**Føresetnad for å nå måla: Alle seniorspelarar må betale medlemskap, treningsavgift og utføre dugnad under Lerum Cup/andre fotballarrangement. Dersom ikkje tilstrekkeleg tal spelarar har betalt medlemskap og treningsavgift før 1.februar kvar sesong, er det ikkje grunnlag for å satse på seniorlag. Spelarar som ikkje utfører dugnad eller deltek på treningar, vil ikkje kunne krevje speletid på laget.**

## **Målsetjing for barne- og ungdomsfotballen:**

- Aktivisere flest mogeleg, lengst mogeleg.
- Gje alle eit godt fotballfagleg tilbod, tilpassa nivå og ambisjonar.
- Stille lag i alle klassar.
- Vere representert på alle sonelag.
- Bruke sportsplanen som eit aktivt verktøy.
- Skape gode fotballopplevingar for borna, alle skal ha lyst til å kome att.
- Gje borna eit innblikk i kva fotball er, la dei prøve på ulike øvingar og i ulike posisjonar på bana.
- Delta i seriespel for dei eldste miniputtklassane.
- Auke trenarkompetansen i barne- og ungdomsfotballen.
- Inkludere foreldregruppa på ein god måte, alle skal få tilbod om å bidra på den måten dei måtte ynskje.
- Vere gode på Fair Play på alle nivå.
- Ha ein sosial profil kring laga i barne- og ungdomsfotballen, gjere kvar heimekamp til ei positiv hending.

## **Korleis nå desse måla:**

- Aktivisere flest mogeleg, lengst mogeleg.
- Tilstrebe minimum to trenarar på kvart lag.
- Lagleiar for kvart lag.
- Engasjere foreldregruppa til å gjere noko ut av heimekampane.
- Tilby trenarkurs til foreldre og andre som ynskjer å ta trenaransvar i klubben.
- Evalueringsskjema etter kvar sesong. Styret i fotballgruppa sender ut evalueringsskjema i november/desember til alle lagleiarar, som fordeler desse i sine lag, og returnerer ei samla oppsummering til styret i fotballgruppa. Ved spesielle utfordringar på laget, kan ei slik oppsummering også takast med utnemnd fair play ansvarleg i laget. Trenarar og lagleiarar skal levere styret ein eigen oppsummering av sesongen.

- Trenarar/lagleiarar er ansvarleg for å kalle inn til møte med spelarar, foreldre, og representantar frå fotballstyret tidleg på året. Dette for å gjere ulike avklaringar og forventningar før sesongen.
- Laget må jobbe aktivt med Fair Play og utnemne ein eigen fair play ansvarleg i laget.
- Arrangere Tine fotballskule kvart år. Styret i fotballgruppa er ansvarleg for dette arrangementet.
- Ha eigen trenar/ eige opplegg for keepertrening i klubben.
- Sende aktuelle spelarar på keeperskule. Ved deltaking på keeperskule kan fotballgruppa eventuelt fastsetje ein eigenandel for deltakarar.

## Fair Play

Fair Play handlar om overordna verdiar, respekt for andre menneske og om å forsterke vennskap. Det er viktig at alle, både trenarar, spelarar, lagleiarar og foreldre passar på og tenkjer på desse verdiane.

### Styret

- Styret i fotballgruppa vil kvart år ha ein person som er Fair Play ansvarleg i klubben. Kwart lag skal utnemne ein Fair Play ansvarleg gjennom sesongen.
- Passe på at Fair Play er tema på lagleiar/trenarmøte, foreldremøte og spelarmøte.
- Inkludere Fair Play i alle arrangement.
- Det skal alltid hengast opp Fair Play flagg på alle arrangement, der det er mogeleg.

### Fair Play ansvarleg på laget, lagleiar og trenarar skal:

- Ha minimum eit spelarmøte med kvart lag i løpet av året, der ein også snakkar om Fair Play.
- Informere foreldregruppa om Fair Play
- Vere rollemodell for spelarane.
- Skape trivsel og bidra til at flest mogleg vil fortsette å spele fotball.
- Skape tydlege forventningar og rammer for spelarar og foreldre.
- Sørge for å ha kampvert på alle heimekampar. Den som er Fair Play ansvarleg på kampar, skal nytte Fair Play vest.

### Fotballspelaren må

- Vere positiv
- Vise respekt for med- og motspelarar, trenar og dommar.
- Skape trivsel
- Ta avstand frå mobbing og upassande språkbruk

## Foreldre må

- Følgje opp at eigne born innrettar seg etter verdiar og forventningar i klubben.
- Bidra til drift av laget og på arrangement.
- Ha respekt for det frivillige arbeidet trenaren og lagleiarar gjer.
- Dersom ein opplever uheldige hendingar rundt fotballaktiviteten for bornet sitt, så skal dette meldast til Fair Play ansvarleg i laget snarast mogeleg. Fair Play ansvarleg skal melde vidare til Fair Play ansvarleg i fotballstyret. Slike meldingar skal vere skriftlege.
- Holde fristar for all påmelding. Ved turneringar der bornet ikkje er påmeldt innan fristen, så kan bornet ikkje møte på turneringa. Dette med hensyn til antall lag trenarar og lagleiarar har meldt på, og bestilling av premiar for arrangøren.
- Skal stille med ein Fair Play ansvarleg for kvart lag.
- Skal stille med ein miniputtansvarleg for kvart lag.
- Vere med og støtte laget på ein god måte og bidra til ein positiv og god stemning på kampane.

## Trenaren

Trenaren skal vere rettleiande og positiv. Alle trenarar må vere gode på å kommunisere med andre trenarar når det gjeld alt frå hospitering, oppflytting, samt å gi råd og veiledning til kvarandre. Oppgåva til trenaren er ikkje å ta alle val for spelaren i alle situasjonar. Trenaren skal heller legge opp til aktivitetar der spelarane kan få erfaringar som dei kan bruke inn i dei ulike situasjonane. Ved å stille opne eller leiande spørsmål kan trenaren hjelpe spelaren. Nokre gonger kan det vere behov for forklarande instruksar. Målet er at trenaren skal hjelpe spelarane å ta gode val i ulike situasjonar på eiga hand.

Kjenneteikn for ein trenar i HIL:

- Skape tryggleik gjennom å sjå alle og forsterke det positive i kvar einskild spelar
- Stille krav og utfordre spelarane på kvalitet og det å vere konsentrert under trening
- Vere positiv, konstruktiv og tillitsvekkande i tilbakemeldingar til samtlege spelarar
- Unngå kø på treningane
- Vere klar til treningsstart
- Melde frå så tidleg som mogeleg vedrørande treningstider og oppmøtestad
- Nytte Spond
- Legge til rette for god aktivitet

## Lagleiaren

Kjenneteikn for ein lagleiar i HIL:

- Vere støttespelar for trenar og laget
- Skape eit trygt og godt miljø i spelargruppa, samt bidra til fotballglede for alle
- Bidra til at alle har respekt for kvarandre
- Tilstrebe mest mogleg lik speletid for alle på laget i samarbeid med trenar
- God kommunikasjon med fair play ansvarleg, andre lagleiarar, samt foreldre og spelarar

## Trening og kampmengd ulike årsklassar

Barnefotball

Ungdomsfotball

Aldersklasse	Treningar	Kampar	Turneringar
G/J 6	1-2	0	4 miniputtturneringar
G/J 7	1-2	0	4 miniputtturneringar
G/J 8	1-2	0	4 miniputtturneringar
G/J 9	1-2	1	4 miniputtturneringar
G/J 10	2	1	1-2
G/J 11	2	1 - 2	1-2
G/J 12	2	1 - 2	2-4
G/J U13	2-3	1 - 3	2-4
G/J U15	2-3	1-3	2-4
G/J U17	2-3	1 - 3	2-4

## Tilbod ulike aldersklassar

Barnefotball

Ungdomsfotball

Alders-klasse	Tilbud	Alternative tilbud			
G/J 6	Trening + miniputt	Tine fotballskule			
G/J 7	Trening + miniputt	Tine fotballskule			
G/J 8	Trening + miniputt	Tine fotballskule			
G/J 9	Trening + miniputt + kamp	Tine fotballskule			
G/J 10	Trening + kamp	Tine fotballskule	Laurdags-trening		
G/J 11	Trening + kamp	Tine fotballskule	Laurdags-trening		
G/J 12	Trening + kamp	Tine fotballskule	Laurdags-trening		
G/J U13	Trening + kamp		Laurdags-trening		
G/J U15	Trening + kamp		Laurdags-trening		
G/J U17	Trening + kamp		Laurdags-trening		

## Treningar og spelestil for fotballen i Hafslo IL

### Spelestil

Hafslo IL ønskjer at alle lag er spelande lag. Derfor ynskjer ein at det vert spelt mest mogleg ball i laget. Laga skal etter kvart i utviklinga lære seg å prøve å spele seg ut bakfrå gjennom forsvar, midtbane og til slutt nå det fremste leddet. Samtidig må ein lære spelarane når det ikkje er høveleg å spele på denne måten, for eksempel ved høgt press frå motstandar som gjer det vanskeleg å spele seg ut bakfrå, må ein ha alternative måtar å sette i gang spelet. På denne måten vil ein kunne utvikle spelarar som er trygge med ball og som kjem i situasjonar der ein må gjere val. Det vil også vere trygt å hospitere på andre lag når ein veit korleis det er forventa at ein spelar.

### Treningar

Her finn de forslag til øvelsar for alle aldersgrupper:

Gå inn på [www.fotball.no/barn-og-ungdom/](http://www.fotball.no/barn-og-ungdom/).

#### Alder 6-9 år

Hafslo IL ynskjer at det er eigne gutelag og jentelag i dei ulike aldersklassane. Samarbeid på tvers av gruppene på trening er flott. Det skal vere lik speletid på spelarane så langt det let seg gjere. Det er viktig å rotere på posisjonane på bana og differensiere treningane.

Sportsleg er det viktig å skape eit positivt miljø for ungane. Ha fokus på å følge med på bana, ballkontroll og samspel. Barna bør byrje å sjå viktigeita av å snakke med kvarandre på bana. Viktig at barna får spele mykje fotball både med og utan mål i ulike situasjonar.

Er anbefalt å jobbe med ulike tema over lengre tid. F.eks. pasningar og kontroll på ball. Då legg ein opp øvingar over tid som gjer at spelarane utviklar seg innanfor det tema som er fokus på. Då er det viktig med kontinuitet i øvingane på treningane ei tid framover.

### **Alder 10-12 år**

Hafslo IL ynskjer at det er eigne gutelag og jentelag i dei ulike aldersklassane. Samarbeid på tvers av kjønna på trening er flott. På trening legg ein opp til så jamne lag som mogleg og lar spelarane prøve seg i ulike posisjonar.

Sportsleg er det i denne alderen viktig å fokusere på å utvikle ulike ferdigheiter, fotballforståing og forståing for samhandling med medspelarane sine. Ha fokus på at fotball er morosamt og skap gode rammer. Det er også viktig å passe på at alle får utfordringar på trening og at ein differensierer.

Ein jobbar med spelet sin ide og trene på større område når me spelar. Me må lære å snu spelet når ein har større flater. (Spele seg frå trange område til opne områder på bana). Øve på å forsvare seg samla, angripe samla og halde ballen i laget. Trenarar og lagleiarar må vere gode på kommunikasjon med andre trenarar og lagleiarar vedrørande hospitering og oppflytting for aktuelle spelarar. Det er trenarane som har hovudansvaret for å samsnakke med andre trenarar vedrørande hospitering og oppflytting. Hospitering og oppflytting skal alltid skje i henhold til dei retningslinjene som ligg i sportsplanen. Dersom born, foreldre, trenarar og lagleiarar opplever det urett vedrørande speletid, skal dette meldast skriftleg til Fair Play ansvarleg på laget så tidleg som mogeleg. Fair Play ansvarleg på laget skal ta dette opp med trenarar og lagleiarar for laget før det vert sendt ein skriftleg tilbakemelding til Fair Play ansvarleg i klubben.

### **Alder 13-17 år**

I denne alderen blir bana etter kvart større og ein beveger seg ut på 7ar, 9ar- og 11ar-fotball. Det å lære seg å spele i eit system og ha spesielle arbeidsoppgåver blir viktig. Ein bør ikkje starte med å ha faste posisjonar med ein gong, men etter kvart finne meir og meir fram til kvar dei ulike spelarane passar inn på bana. Trenarane må hjelpe spelarane med å vidareutvikle fotballforståinga og samhandlinga med medspelarar.

Det er viktig å variere på treningane og om mogleg bruke aldersblanda grupper. Ved aldersblanda grupper er det viktig at gruppene er blanda. Dei ivrigaste kan få moglegheit til å hospitere på treningar med andre lag. Hospitering og oppflytting skal alltid skje i henhold til

dei retningslinjene som ligg i sportsplanen. Det er viktig å skape trivsel i gruppa for å halde på flest mogleg over tid.

I denne aldersgruppa er det stor variasjon i spelarane. Det er ein fase der det skjer mykje utvikling. Viktig å jobbe med å utvikle fotballferdigheitene vidare og lære spelarane til å gjere gode val og tolke ulike situasjonar. Me ønskjer å utvikle gode ein-mot-ein spelarar i både forsvar og angrep og utvikle lagspelet. Viktig å halde intensiteten på treningane.

### **Oppsummering**

I alle aldersklassar er det viktig å skape eit trygt og godt miljø i spelargruppa, samt fotballglede til alle. Trenaren må vere ein trygg og tydleg vaksen. Det er viktig å skape eit miljø der alle, både trenarar, lagleiarer og spelarar, har respekt for kvarandre. Ein skal tilstrebe mest mogleg lik speletid for alle på laget. Dette er eit trenar/lagleiar ansvar. Her må trenarane og lagleiarar gjere gode avklaringar med spelarar og foreldre før seriestart. Trenarar og lagleiarar må vere gode på kommunikasjon med andre trenarar og lagleiarar, samt foreldre og spelarar vedrørande hospitering og oppflytting for dei aktuelle spelarane. Det skal vere god dialog mellom trenarane og landslagskuleansvarleg i klubben vedrørande treningsmengd og hospitering og oppflytting. Det er trenarane som har ansvaret for å samsnakke med andre trenarar vedrørande hospitering og oppflytting. Hospitering og oppflytting skal alltid skje i henhold til dei retningslinjene som ligg i sportsplanen. Dersom born, foreldre, trenarar og lagleiarar opplever det urett vedrørande speletid, skal dette meldast skriftleg til Fair Play ansvarleg på laget. Fair Play ansvarleg på laget skal ta dette opp med trenarar og lagleiarar for laget, før det vert sendt ein skriftleg tilbakemelding til Fair Play ansvarleg i klubben. Det er svært viktig at ein prøver å løyse slike utfordringar innad i laget så fort som mogeleg.

## **Fotballgruppa - funksjon og organisering**

Fotballgruppa har det overordna ansvaret og skal styre all sportsleg fotballaktivitet i klubben. Styret i fotballgruppa består i dag av 11 personar. Ein bør å ha kontinuitet i styret. Det bør også vere ein plan på avgang slik at det vert ein naturleg rullering, på denne måten unngår ein at verdifull kompetanse i styret vert borte samstundes. Det er styret i fotballgruppa som skal ha all dialog med andre klubbar og kretsen. Andre personar med viktige roller for ulike arrangement, skal ha jevnlege møter med styret. Det skal til ein kvar tid vere ein oversikt over kven som innehar dei ulike rollene i styret, eit årshjul og ein møteplan som kan kvalitetssikre god dialog rundt fotballaktiviteten i klubben. Fotballgruppa oppmodar om å nytta spond. Styret skal ha tilgang på alle relevante spondgrupper og andre sosiale media som vedgår dei ulike fotballaga.

### **Fotballgruppa har følgjande organisering:**

Dette er ei rettleiande organisering der rollene står beskrevet, og der fotballgruppa kan tilpasse/justere rollene i forhold til dei personane som til ei kvar tid utgjør styret i fotballgruppa.

#### **Leiar:**

Bør bli valt for to år om gangen. Ordstyrar i møter. Mottakar av all informasjon frå kretsen, møter i hovudstyret, fungerer som sportsleg utval saman med nestleiar, skal godkjenne alle utgifter/utbetalingar som blir belasta fotballgruppa sitt budsjett. Ved saker i fotballgruppa der ein ikkje oppnår einigheit, skal leiar si stemme telje som to. Leiar har saman med nestleiar, hovudansvar for oppfølging av trenarar på seniornivå, inngå kontrakt med desse og klargjere premissane for samarbeidet. Leiar bør stille på møter på kretstinget, miljøhelga og på leiarsamlingar i regi av kretsen.

#### **Nestleiar:**

Sportsleg leiar aldersbestemt, vara til hovudstyret, fungerer som sportsleg utval saman med leiar. Bør møte på kretstinget, miljøhelga og på leiarsamling i regi av kretsen. Hovudansvar for oppfølging av trenarar på aldersbestemt nivå, og vere ein pådrivar for å arrangere trenarkurs, førstehjelpskurs o.l.

**Sekretær:**

Ansvar for årshjul, møteinnkalling, møteplan, referat, utarbeider større skriv om ulike saker, til dømes interne retningslinjer for trenarar/lagleiarar, kampvertrolle e.l.

**Fair Play ansvarleg:**

Jobbar med Fair Play i klubben og syter for at ein har eit opplegg kring dette som fungerer. Delta på møter med dei ulike laga og kvalitetssikre at alle lag oppnemner ein Fair Play ansvarleg på sitt lag. Fair Play ansvarleg frå styret må ha god dialog med dei andre Fair Play ansvarlege, og prøve å delta på møter med dei ulike laga før seriestart eller undervegs i sesongen. Fair Play ansvarleg frå styret er ansvarleg for at det er eit fungerande Fair Play flagg og vestar i klubbhuset i Moane til ein kvar tid. Fair Play ansvarleg i styret bør sende inn forslag til månadens Fair Play og møte på Fair Play-samlingar i regi av kretsen.

**Dommaransvarleg:**

Set opp kampdagbok, har kontakt med dommarane og må ha fokus på dommarrekruttering. Støtter opp om dommarane, sjå enkelte kampar for å gje tilbakemelding og rettleiing. Arrangerer klubbdommarkurs og held dialog med kretsen, samt passar på at kretsdommarar får god oppfølging og det utstyret dei treng for å dømme på krets nivå.

**Landslagsskuleansvarleg:**

Er ansvarleg for å kvalitetssikre nomineringsprosessen frå klubb til sone i samråd med resten av styret og trenarar for dei laga som skal nominerast. Skal også ha hyppig dialog med soneansvarleg i kretsen, følgja opp krets -og sonespelarar og dei aktuelle trenarane i Hafslo Idrettslag.

**Materialforvaltar:**

Hovudansvar for alt utstyr, planlegge og ha oversikt over utstyr og innkjøp, drakter, ballar, mål, førstehjelpsutstyr osv. Er kontaktperson for trenarar og lagleiarar som treng supplering av ulikt utstyr. Ansvar for å trykke nye draktsett. Er kontakt for lagleiarane inn mot fotballgruppa i høve innkjøp. Alle innkjøp må alltid klarerast med leiar i fotballgruppa.

**Miniputt-ansvarleg:**

Ansvar for all aktivitet for miniputt. Ansvar for å skaffe trenarar og lagleiarar til miniputt laga, vere hovudansvarleg for miniputt – turneringa, delta på foreldremøte og møte med lagleiarar og trenarar før sesongstart. Miniputtansvarleg skal saman med leiar i styret, kalle inn til møte med dei ulike laga før seriestart og sikre at alle lag har trenarar, lagleiarar, Fair Play ansvarlege og miniputtansvarleg i kvar lag. Miniputtansvarleg har hovudkontakten med kretsen vedrørande den årlege miniputt-turneringa.

**Fotballgruppa skal saman sørge for:**

- At fristar i årshjulet vert haldne.
- Fordele treningstider på ein høveleg måte.
- Vurdere og melde på lag etter beste evne.
- At sportsplanen vert følgd.
- Ta avgjerder i saker som vert meldt inn.
- Sette opp budsjett og halde seg til dette.
- Halde seg orientert om fotballen generelt i Hafslo IL.
- Skrive årsmelding.
- Samarbeide til det beste for fotballen i Hafslo IL.
- Arrangere trenarforum/ samlingar med tanke på felles utvikling og kompetansedeling.
- Arrangere fotballturnering om mogeleg.
- Vere kontakten inn mot kretsen og andre samarbeidsklubbar.

## Differensiering og hospitering

Hafslo IL ynskjer å gje eit variert fotballtilbod som står i samsvar med interesse, motivasjon, ferdigheiter og behov for meistring.

Det vil seie:

- Hafslo IL skal gje eit tilbod om fotballaktivitet heile året.
- Hafslo IL behandlar spelarane ulikt med tanke på ønskjer, behov og ferdigheiter.

Ulike verkemiddel for differensiering kan vere ulik mengde trening, ulik aktivitet, ulike oppgåver på enkelttreningar, eigentrening, eigne målsettingar og hospitering på treningar og kampar.

Hospitering vil seie at ein gir spelarar som har ferdigheiter, tid og motivasjon til eit utvida tilbod om treningar og kampar på eit høgare nivå enn dei har til dagleg. Det vil seie at ein kan trene og/ eller spele kamp med 1 år eldre og betre spelarar. Hospitering må ikkje forvekslast med oppflytting for å kunne stille lag i enkelte klassar. Når det gjeld oppflytting er fotballgruppa suveren til å ta avgjerd til det beste for heilskapen i klubben.

### Kriteriar for å hospitere:

- Svært gode treningshaldningar og tilnærma 100 % oppmøte på eigne treningar.
- Hospitering bør vere til spelarar med eit høgt ferdigheitsnivå, og som er opne for nye utfordringar. Hospitering skal gje meistring, og fungere som ei oppmuntring for å bidra til eit godt arbeid for sitt eige lag.
- Dersom det vert vurdert at ein spelar skal hospitere gjelder fylgjande:
  1. Dialog mellom trenarane på dei aktuelle laga.
  2. Sportsleg utval involverast ( leiar og/eller landslagsskuleansvareleg i fotballgruppa), før ein vurderer tilbodet til den aktuelle spelaren.
  3. Hospiteringsavtale utarbeides.
  4. Foreldra til spelarar bli informert om utarbeidd avtale.
  5. Foreldre gjev samtykke.

## Turneringsdeltaking

Hafslo IL ved fotballgruppa ynskjer at lag skal delta på turneringar. Dette er positivt og ein viktig faktor for utvikling og for det sosiale kring laga. Deltaking på turnering er eit verkemiddel for å nå målet om flest mogeleg, lengst mogeleg.

Det er opp til kvart enkelt lag å vurdere kva for turneringar dei ønskjer å delta på. Kvart lag får dekt lagsavgift for inntil fire turneringar per sesong. 2 sommarsesong og 2 i vintersesong. I tillegg vil det eventuelt bli dekkja A-kort for 2 eller 3 trenarar/lagleiarar (2 A-kort for 7ar-lag og 3 A-kort for 11ar-lag). Resterande kostnader, dvs. deltakaravgift per spelar, reise og opphald må laga dekke sjølve. Lag som ønskjer å delta på meir enn fire turneringar, må laget dekke alle utgifter.

Lag kan søkje fotballgruppa skriftleg om økonomisk støtte utover retningslinjene ovanfor. Fotballgruppa vil vurdere kvar enkelt søknad ut i frå budsjettsituasjonen.

Etter søknad frå trenarar/lagleiarar, kan fotballgruppa vurdere å dekke eigenandel for enkeltspelarar på særskilt grunnlag. Til dømes vanskeleg økonomi eller andre forhold hjå familien til enkeltspelarar, som kan medføre at spelaren ikkje kan delta på turneringar.

### **Aktuelle turneringar (det er uansett opp til kvart enkelt lag kva for turnering dei vil delta på)**

**6 – 10 år:** Miniputtturneringar og eventuelt andre lokale turneringar, som til dømes Kiwi Bama-turneringa. Det vert oppmoda om at dei eldste miniputtklassane deltek på større tilpassa turneringar. Til dømes Obos – turneringa Innlandet, Ål-cup og eventuelt Måløy cup om vinteren.

**10 – 12 år:** Kiwi Bama-turneringa, Lerum – cup, Lærdalsturneringa, Måløy cup, Obos-turneringa Innlandet, Hessa Cup, Ål Cup eller tilsvarande. Førde cup innandørs er fin som sesongavslutning. Futsal-turneringar i region Sogn haust/vinter kan også vere aktuelle.

**13 – 14 år:** KM innandørs, Lerum – cup, Måløy cup, Obos-turneringa Innlandet, Ål Cup, Hessa Cup eller tilsvarende. Kan opne opp for deltaking på større turneringar som t.d. Norway cup, og vurdere kvar søknad individuelt. Førde cup innandørs er ei fin turnering for sesongavsluttning. Futsal-turneringar i region Sogn haust/vinter kan også vere aktuelt.

**15 – 16 år:** KM innandørs, Norway cup, Dana cup ol, gjerne i tillegg til ei noko mindre turnering over t.d. ei helg.

## **Dommarar - rekruttering:**

### **Målsetjing og tiltak for dommarrekruttering:**

- Ha deltakarar på dommarkurs i regi av kretsen kvart år.
- Ha dommaransvarleg i klubben
- Arrangere klubbdommarkurs x 1 per år, gjerne i samband med turnering eller Tine Fotballskule.
- Betale dommarane på aldersbestemt nivå etter kretsen sine satsar.
- Halde dommarane med eit sett dommarklede i året.
- Ekstra merksemd på dommarane ved slutten av sesongen.
- Fadder som kan følgje opp under kamp, gje rettleiing og støtte.
- Freiste å ha jentedommarar til jentekampar.
- Spelarar på aldersbestemte lag kan dømme på miniputt-turnering som dugnad.
- Bidra med dommarar på Lerum - cup.

## Avslutning

Hafslo IL v/fotballgruppa anerkjenner at det blir endringar i speleklassar, ynskjer og behov frå spelarar, foreldre, trenarar og lagleiarar. Det kan vere utfordringar i fotballen som gjer det krevjande å fylgje sportsplanen og samtidig forstå og imøtekomme alle ynskjer. Fotballgruppa er villige til å gjere dei endringane som trengs for å ta hand om dei utfordringane som kjem på ein god og konstruktiv måte, men samtidig holde på sportsplanens målsetjingar gjennom året.

### Fotballstyret består av:

Leiar: Nils Petter Solheim: [nipesol@gmail.com](mailto:nipesol@gmail.com), 90071197

Nestleiar og fairplay ansvarleg: Helge M. Byrkjeland: [helgemikal@outlook.com](mailto:helgemikal@outlook.com) 41440951

Styremedlem og dommaransvarleg: Marius Sundal: [sund-sk@online.no](mailto:sund-sk@online.no) 95105986

Styremedlem og økonomi- og FKS ansvarleg:

Tormod Tuft Tysse: [tyssen@gmail.com](mailto:tyssen@gmail.com) 95130267

Styremedlem og sportsleg leiar aldersbestemt fotball:

Ann Kristin Torgersen: [aktorgersen@live.no](mailto:aktorgersen@live.no) 48131484

Styremedlem og hovedansvarleg for fotballgruppene:

Tonje Grønstad: [tonje\\_g83@hotmail.com](mailto:tonje_g83@hotmail.com) 95764496

Styremedlem og Materialforvaltar aldersbestemt:

Bjarni Valsson: [bjarni.valsson@hotmail.com](mailto:bjarni.valsson@hotmail.com)

Styremedlem og landslagskuleansvarleg:

Anja Renate Buskaker: [anjapresley@hotmail.com](mailto:anjapresley@hotmail.com) 99421506

Styremedlem og materialforvaltar miniputt:

Lene Madsen: [lene\\_madsen@outlook.com](mailto:lene_madsen@outlook.com) 46896030

Styremedlem og parkeringsansvarleg/markedsføring:

Jan Erik Røneid: [jer-roen@online.no](mailto:jer-roen@online.no) 90658853

Styremedlem og kiosk ansvarleg: Karita Nes: [karita.nes@icloud.com](mailto:karita.nes@icloud.com) 48141645

Hafslo IL v/ fotballstyret datert 09.11.2025.